# Et stormfullt liv



FOTO: ODDLEIV APNESETH

Alle stormer har et fast holdepunkt ved Stad. Men uværsmagneten i Sogn og Fjordane byr også på lun varme. For eksempel hjemme hos Peder og Ragnhild Fure.

SIDE 31



# ... og det blir full sto ved Stad

Kje
Ves

Havet har togge vekk kantane på vegen til Indre Fure. Nokre nye jafs, så er det berre skredurda att. Når sørvesten ristar skvulp i doskålene i utsette strok i Bergen, spelar bølgjene ping-pong med kampestein langs Stadlandet.

— Vi har bil på innsida også, seier landpostbod Kjell Fure, og styrer utanom hola i køyrebana der du ser rett ned i kjeften på utysket. Tre-fire veker tok det å vøla vegen førre gongen orkanen hadde heime-åleine-fest på Fure-stranda. Men posten kom fram. Kjell Fure veit å føta seg i røysene. Køyrande veg kom det ikkje til tuns før i 1966.

Ingen har ramla utfor, så langt minnet rekk. Og ingen fauk til Shetland, då vegen til Honningsvåg vart bladd opp som eit hefte med lausark ved førre årsskifte, då lågtrykka spente helane i taket så flygande småstein og avflerra asfaltflak flaksa om øyrene på vergudane.

Dei har vêr nok til å forsyna heile landet og halve verda i eit knipetak, dei 16-1700 stadværingane. Dei har lært å leva med det, om enn somme lyt ha tablettar på lur når meteorologane stablar den eine orkanen oppå den andre. Alle med autopiloten innstilt rett på Stad, skulle ein tru. Stad er ein magnet for yre meteorologar, ei lokkedame for kåte lågtrykk, eit vestlandsk husnova der du alltid får bygene midt i fleisen same kva veg vinden bles.

— Det er ikkje så gale som meteorologane vil ha det til, veit Julius Fure, fylkesordførar hev vore, med oppvekst på fråflytta, veglause Ytre Fure, med krambu og kommisjonar på Leikanger, breibygda i le på nordsida av halvøya. — Det er slett ikkje alle uvêr som blir melde som når fram, seier han og slår han kaldt vatn i blodet til turistar som er vonbrotne over bitteliten kuling og pyttstille pollar og meteorlogar som har fare falsk.

— Det er visst nokon som lurer på om det kan bu folk her, ler 88 år gamle Peder J. O. Fure. — Eg har ikkje angra ein dag, seier kona hans, Ragnhild, tilflytta frå lune Jølster. På Fure fekk ho Sildagapet midt i fanget og fjellet rett i ryggen. I det u-utskilde tunet med dokumentfest soge attende til 1300-talet, klyngjer husa seg nov mot nov og vegg bak vegg på ei hamnlaus steinstrand.

Her kan ikke båt liggja ute anna enn i maksver og bøane er brattare enn Uren-Luren-Himmelturen. Men det finst prislønte epletre i lune krokar og blå klematis kler husveggen til Ragnhild og Peder om somrane. Stadlandet er meir enn storm og noka steinrøys-steinrøys-svelt-i-hel har Fure aldri vore.

Bygdene på Stadlandet låg midt i matfatet den gong det var årar og segl som førte til fiskefelta. Di lenger ut mot havet dei budde, di større var sjansane for fangst. Frå innlandsbygdene kom det «legdefolk» til Fure for å delta i vinterfisket. — Det var ingen som kunne kappast med dei som budde på Ytre Fure, seier Peder. Men det kunne bli landliggje i vekesvis, minnest han - i gamle dagar nett som no. Det var vintrar då «legdefolket» knapt såg innsida av sjøbuene, dei åt opp nista og reiste mest tomhende heimatt.

Peder har hugs som ei allkunnebok, men vil ikkje gje seg i kast med å rangera uversåra som dei skulle vore idrottstevlingar. Om han nokosinne har opplevd verre vêr enn dei siste åra? — Det har vore gale før og, veit han....

Om det kan vera menneska som har skipla skaparverket og spring til fånyttes som trollmannens læregutar etter å ha gløymt trylleordet? Håkon Fure, som ser innom Ragnhild og Peder etter å ha vølt stormskadene på farsgarden på Ytre Fure, meiner bøna om godt og lagleg ver må koma innatt i kyrkjebøna. Han minner om at engelskmenna samla seg i bøn når katastrofen truga under verdskrigane.

Sverre S. Ervik opplevde at nyttårsorkanen i fjor tok taket på den øvste delen av driftsbygningen på garden. I år laut han ty til roande tablettar då orkanvarsla kom. 71-åringen har



*STAD-LANDET. Vikingane drog skipa over Drags-eide for å sleppa Stadhavet.*



*ORKANANGST. Sverre S. Ervik, kårmann og omvisar i St. Svithu roande tablettar når nye orkanar blir varsla. Driftsbygningen på g til grunnen etter at taket vart teke i fjorårsorkanen.*



*TROLLMANNENS LÆREGUTAR. Sivilisasjonens stygge visittk langs strendene på Stadlandet. Om det er menneska som har sk bli verre utver i vente.*

# storm

# d

astrofen
ane.
evde at
ok taket på

rden. I år
ablettar då
ringen har




*STAD-LANDET. Vikingane drog skipa over Drags-eide for å sleppa Stadhavet.*

sett til at driftsbygninga er ekstra sikra og har fått sonen med på å bardunera og gjera klar vindaus-lemmar på våningshuset sitt. Kjellaren er gjort i stand til å tena som tilfluktsrom både for sjølve folket og for kårfolket. Bardunering var vanleg i gamle dagar, fortel Sverre S. Ervik, og stendig fleire på Stad-landet tjorar utsette hus til bakken, stadfestar teknisk sjef Terje Nybakk i Selje kommune. I år har kommunen fått svært få meldingar om stormskader. Terje Nybakk meinar fjorårsorkanen reinsa vekk dei bygnignane som var i slik stand at dei ikkje kunne står mot så sterk vind. Han seier det er delte meiningar om det var orkanen i fjor eller i år som var verst, det spørst kva vindretning som tok mest, trur han. — Men det er mange som meiner at dei aldri har opplevd verre ver enn i år.

Og verre enn verst kan det bli, om spådomane om klimaendring går i oppfylling. Stad vil liggja lagleg til for hogg, men Julius Fure meiner det ikkje er korkje stormane eller meteorologane som avgjer om bygdene på Stadlandet skal vera liv laga i framtida. — Det er dei same lovene som gjeld her som andre stader. Vi har berga meir av den spreidde busetnaden på Vestlandet enn både på Austlandet og på Sørlandet, for ikkje å snakka om i Nord-Noreg. Men no går mange av dei ytste bygdene sakte men sikkert mot avfolking. Aldersamansetjinga med stending eldre folk talar eit tydeleg språk, seier han.

Bergingsvåpna er fiske og olje. Og med jordbruk som eit tilleggsbein å stå på, meiner høgremannen og EF-skeptikaren Julius Fure, at noko av havsens rikdomar blir att i dei distrikta som ligg nærast til. Han synest ikkje fiskerinæringa er teken alvorleg nok av styresmaktene, og likar lite at vestlandsfiskarane taper for nordnorske yrkesbrør når kvotane skal fordelast.

— Dette er ei fellessak for heile Vestlandet. Raknar det i ein ende, kan det rakna over heile lina. Sogn og Fjordane synest kanskje å greia seg bra i den økonomiske krisa vi no opplever, men kriseteikna er der for den som vil sjå, seier den tidlegare fylkesordføraren. Han er lite imponert over den rolla som Bergen by og Hordaland fylke har spela som talsmenn for landsdelen. — Det har betra seg litt i det siste, men Bergen og dei mest folkerike stroka har ikkje heilt kome frå trua på å vera seg sjølv nok.

Seg sjølv nok er ikkje stadværingane. Dei vil dela uvêrsoverfloda med andre. Selje Hotel gjorde «full storm ved Stad» til eit kamprop og ein turistattraksjon med regntøy til utdeling blant gjestane. No vil direktør Gerd Kjellaug Berge saman med reislivslaget organisera uvêrsopplevingane som skulle det vera fjellklatring eller elvepadling eller andre friluftseventyr.

Landskapet, med heftig og rask veksling frå idyll til villskap, spelar på lag med veret. Det er like kort mellom vide enger og høgfjellsnatur som det er mellom stille og storm. I Ervik og Hoddvik breier vide sandstrender seg ut mot havet. Når høgtrykka legg seg i ro over Stadlandet som sjeldne og desto meir kjærkomne høgsommargjestar, kan greske øyar berre gå heim og leggja seg og karibiske palmestrender kan brøya gammalt over seg.

Med stendig større del av folket i forstadar og tettstader, på stendig større avstand frå naturen som levebrød, er også uvêr blitt ei kulisseoppleveing, ein kulisseattraksjon med gladlynde folkesjå og barnehagar på synfaring til overfløymingane på Bryggen i Bergen. Er det verre enn verst, skal det helst vera rekord, nedbørsrekord, flodrekord, orkanrekord. Om det er bygdekranglane som hittil har halde liv i distriktsnoreg, kan uversrekordane gjera det til ein manndomsprøve å halda ut eit liv som supervestlending.

TEKST: ASBJØRN KRISTOFFERSEN
FOTO: ODDLEIV APNESETH



*S. Ervik, kårmann og omvisar i St. Svithun-kapellet, lyt ty til orkanar blir varsla. Driftsbygningen på garden er tjora fast vart teke i fjorårsorkanen.*



*REGUTAR. Sivilisasjonens stygge visittkort blir vaska på land dlandet. Om det er menneska som har skipla veret, kan det*